

HEIM



Open dag i Sunnhordlandstunet

Kort sagt — 30 august 2017



Open krambu (stod tidlegare på kaien på Mehamar) og barneteater i løa (frå Hatland) er to av aktivitetane Sunnhordland Museum og Stord Husflidslag har å by på når alle dører i Sunnhordlandstunet blir opna laurdag 2. september. Årets utstilling «Se Torsken», laga av Tromsø Universitetsmuseum i samarbeid med Havforskings står framleis oppe i hovudhuset. Elles; – foredrag, «fiskekonkurranse» og høve til ein matbit på kafeen. Husflidslaget står for aktivitetar for born og demonstrasjon av gamle handverk. Den opne dagen i Sunnhordlandstunet er ein del av det rikhaldige programmet i Kystsogevekene.

[Lik dette 22](#)

ANDRE NYHENDE

Kyrkjehelg

august 31, 2017

Allsongen blir 13. mai

august 31, 2017

Inviterer til raudt folkemøte

august 31, 2017

**Snart slutt for i år**

august 30, 2017

**Skal telja syklistar**

august 30, 2017

**Feil katt, men...**

august 30, 2017

**Flokk utsikt med korpsmusikk**


august 29, 2017

**Ha allsongrøysta klar til våren**

august 29, 2017

**Forskar på brunsniglebruk**

august 29, 2017

**Avdukar Blåstål**

august 29, 2017

Mot direktørskifte i SKL

august 28, 2017

**«Kom deg ut» til Skjephaugen**

august 28, 2017

Innviar nybygg

august 28, 2017

**68 kontrollerte**

august 28, 2017

Heidra for lang og tru teneste.

august 27, 2017

LEGG TIL ARRANGEMENT +

KORT SAGT**Kyrkjehelg**

Stord kyrkje:

Søndag 3. september kl. 11.00: Gudsteneste v/prost Theodorsen og kantor Furdal. Tema: Nåden aleine. Dåp. Natverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi. Kyrkjeskyss: 53 41 15 14/913 08 582.



Tor 31 A
Quiz på
Sagvågst
ARRANGØF
Sagvåg

[Sjá fleire lokale arrangement](#)

Fre 01 S
Somm
Stord folk
ARRANGØF
Stord fol



Fre 01 S
ID AL /
Konferan
ARRANGØF
STORD

Nysæter kyrkje:

Søndag 3. september kl. 11.00: Gudsteneste v/sokneprest Knudsen, kantor Aadland og kyrkjelydspedagog Stautland. Konfirmantpresentasjon. Sing-sing deltek. Takkoffer til ungdomsarbeidet i kyrkjelyden. Søndagskule for borna. Kyrkjekaffi. Kyrikjeskyss: 53 49 40 23.

Foreldremøte for konfirmantane etter gudstenesta.

(0) READERS COMMENTS

Comments are closed.

Allsongen blir 13. mai

Frå Leirvik Mannskor mottek nettavisas følgjande konkretisering etter meldings-sleppet meir song i Parken neste vår: –

«Nytt allsongtreff er planlagt til 13. mai 2018 med allsidig program og med Endre Olsen som kapellmester og Øystein Olsen som konferansier.»

a

Inviterer til raudt folkmøte

Inspirert av valkampanjen til Bernie Sanders i Sambandsstatane, der han gjorde det overraskende godt på eit bittelite budsjett, har Raudt hatt ein kampanje gåande i valkampen der me prøver å leggja til rette for grasrotaktivisme og spreing av politikk frå sofaen, gjennom internett. Eitt ledd i denne kampanjen har vore videosendingane Rødt Hjemmefra. Den siste av desse sendingane kjem om kvelden sundag 3. september, og då ynskjer Raudt å skipa Noregs største politiske folkmøte, gjennom internett. I Sunnhordland har ikkje Raudt fått vera med i dei lokale valdebattane, og Raudt Stord ynskjer difor å nytta dette høvet til å la innbyggjarane verta betre kjende med partiet. Me inviterer difor til samling på Den Blå Time, der me vil laga den lokale versjonen av dette folkmøtet.

Helsing Raudt Stord

Snart slutt for i år



Det hastar skal du finna fram til fleire postar. Svært mange har vore på leit etter o-postar i Stord-naturen denne sesongen. 234 har meldt inn poeng på nettet under turorientering.no/stord. 38 personar har vore innom alle dei 90 postane på både Storatraven og Lilitraven, 29 har funne fram til alle dei 60 postane på Storatraven.

Du har framleis sjansen til å auka poengfangsten din, men 31. august set Stord orientering sluttstrek for turorienteringa dette året. Det betyr at du må nyta finveret i dag og i morgen til å leita fram dei o-postane du manglar på turkarta i Landåsen, Lundeåsen og Øvre Økland (Storatraven), eller Ådalandsvatnet (Lilitraven). Det å spora opp o-postar er ein fin måte å finna fram til nye plassar på heimleg grunn, og gjerne oppdaga nye perler i den flotte naturen vår.

Skal telja syklistar



No er endeleg den nye sykkeltunnelen på plass ved sykkel- og gangstien ved Vabakkjen. Etterkvar skal det komma ein lik ein når vegarbeidet på FV 61 Skrivarvegen er ferdig. Då får ein registrert verknaden av sykksatsinga i samband med at Stord for nokre år sidan fekk status som sykkelby.

Så langt er det brukt om lag 30 millionar kroner på alt frå sykkelparkering under tak til betring av sykkelnettet.

Feil katt, men...

I dag unner me oss ei dyesoge henta Sør-Vest distrikts sin politilogg: – Karmøy: Katteeier som savnet pusen sin trodde han hadde funnet den igjen, og tok den med hjem. Viste seg å være feil katt. Pus nektet å gå.

Flott utsikt med korpsmusikk



Det kunne vore langt fleire med, men for dei eldre og rørslehemma som tok imot tilbod frå Turlaget om bilskyss til topps på Kattnakken søndag, vart det ei minnerik utfukt. Veret var godt og berre litt skodde-dottar på toppane gjorde at siktene ikkje var like fin i alle himmelretningar. Men nydeleg innover mot Folgefonna og Tysnes og retning mot Bergen. På biletet nøgde deltakarar: Kirsten Løken, Åse Wiersen, Ruth Sørheim og Gunvor Vik (bak).



På andre fotoet ser me Rommetveit Skulekorps m/ dirigent Håvard Kroka i fronten, som sytte for gilde tonar i storslått natur. (Begge foto: Arne Haugland).

Ha allsongrøysta klar til våren



– Dette var kjekt, dette må blir årleg, vart det sagt etter det særskilt vellukka allsongtreffet i Parken i juni. Her og no kan det slåast fast at ønskje om meir allsong i den flotte parken på toppen av Leirvik, bli oppfylt når det lid til mai og god vár i lufta. Leirvik mannskor er alt byrja planlegginga og det blir eit dugnadsprosjekt på alle plan – med overskot til gode lokale føremål. Det er berre å glede seg.

Forskar på brunsniglebruk



Aldona Petkeviciene på Os plukkar og tek imot det ho kan få av brunsniglar for tida, skriv BT.no. Ho hadde mengder av sniglane i eigen hage og byrja etter kvart lura på om dei kunne koma til nytte på noko som helst vis. Nærare studie viser at sniglekjøtet innhold stoff som kan gjeraast om til næringsrikt dyrefor. Dette skal det no forskast meir på. Til første forsøk trengst det 150 kilo sniglar ...

Avdukar Blåstål

A.B.C.D. (art.beach.creation.debris.) er eit kunstnarisk initiativ som ser på korleis plast ureinar vårt maritime miljø. Kunstrarane Elizabeth Roberts frå Oregon, USA, Janne Robberstad og Jan Willy Folgerø-Holm frå Bømlo, Norge – samarbeider med Bømlo kunstlag og kunstgeriljaen i dette prosjektet. Skuleklassar og lokallag har vore i sving med å rydda strender for bos i vår og sommar. Eindel av den innsamla plasten er vaska og sortert og er brukt som råmateriale i ein stor installasjon – nemleg ein bortimot 3 meter lang blåstål! Avduking i kveld tysdag 29. august i Autogården på Rubbestadneset, tipsar Bømlo Kunstlag.

ARKIV

Arkiv Vel månad

STORDNYTT.NO

Journalist:

Steinar Hystad

steinar@stordnytt.no

950 31 154

KONTAKT OSS

Om du har tips til redaksjonen eller om du ynskjer å annonsera, ta kontakt med oss på ein av desse e-post-adressene:

nettnytt@stordnytt.no

annonser@stordnytt.no



43 vener likar dette

